

RETNINGSLINER FOR TILSKOT VERN OG VØLING AV FASTE KULTURMINNE

1. Føremål

Ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikra kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

2. Aktuelle søkjarar

Kommunar som har under arbeid ein kulturminneplan kan søkje. Kulturminneplanen bør vere vedtatt innan utgangen av 2016. Private aktørar, foreiningar, stiftingar, og andre samanslutningar kan søkje.

3. Søknadsfrist og framgangsmåte.

Søknad sendast Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

4. Krav til søknaden:

Søknaden må innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast. Søknaden skal mellom anna innehalde:

- Dokumentasjon på at naudsynt myndekrav for tiltaket er oppfylt
- Prosjektutgreiing som gjer greie for korleis prosjektet er planlagt gjennomført (til dømes bruk av arkitekt, handverkarar, eigeninnsats, materialbruk, tidsbruk/framdriftsplan mv).
- Finansieringsplan/budsjett for tiltaket
- Søknaden skal signerast av ein ansvarleg søkjar. Dersom andre enn eigar står som søkjar, skal søknaden også vera signert av eigar/ rett representant for eigar.

Dersom søknaden er mangelfull vil det verte gitt høve til å rette dette innan ein nærare oppgitt frist. Dersom manglane ikkje vert retta innan fristen, kan søknaden verte avvist.

5. Vilkår for tildeling

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

- 5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, **og** i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.
- 5.2. Midlane kan nyttast til medfinansiering av kommunale tilskotsordningar for kulturminnevern.
- 5.2. Dersom det er naudsynt av omsyn til kulturminne, kan midlar tildelast andre tiltak som til dømes brannsikring/elektrisk utstyr.
- 5.3. Det kan ikkje søkjast midlar til tiltak som allereie er påbyrja, med mindre det er eit strakstiltak (lekkasje m.m.) og administrasjonen har godkjent at tiltaket kan påbyrjast før søknaden er handsama.
- 5.4. Tiltak med høg eigenfinansiering vert prioriterte. Tilskot til tiltaket skal normalt ikkje overstige 50 % av kostnadene. I særlege høve kan kravet fråvikast.
- 5.5. Tiltaket må vere påbegynt innan utgangen av tildelingsåret.
- 5.6 Det kan ikkje tildelast tilskot til kulturminne som er eigd av stat eller fylkeskommune.

6. Ytterlegare moment ved skjønnsutøvinga

Om søknader som fyller grunnvilkåra (er kvalifisert jf. pkt. 5) skal verte tildelt tilskot, beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga jf. pkt. 1, der det mellom anna vert lagt vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):

- Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket
- Søkjar sin kompetanse og gjennomføringsevne
- I kva grad tiltaket kjem allmenta til gode

7. Rapportering/kontroll:

Eigar skal rapportere innan 1. oktober og endeleg rapport må innleverast 15. november. Rapporten skal innehalde:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.
- Dokumentasjon i form av foto e.l.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om

tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

8. Misleghald

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført, skal midlane først attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.

Dersom tiltaket ikkje let seg gjennomføre innan tidsfristen grunna uføresette tilfelle, som til dømes sjukdom, kan fylkeskommunen overføre pengane til vedkommande kommune. Føresetnaden er at kommunen tek på seg ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Vert prosjektet likevel ikkje gjennomført, skal pengane først attende til fylkeskommunen.

9. Klage

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er 3 veker frå søkjar mottok underretninga om vedtaket.

I Hordaland fylkeskommune si underretning til søkerane om vedtak, skal det mellom anna opplysast om klagegang, klagefrist og partsinnsyn mv. jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.